



FISKERIDIREKTORATET

KYSTEN ER DIN

- REGLAR FOR FRITIDSFISKE I SJØEN



NYNORSK

2010

Innhold

Reiskapsavgrensing	4
Omsetnad	7
Utførselskvote	7
Ansvar for andre sine reiskapar	8
Merking av fiskereiskap	8
Ferdslø ved oppdrettsanlegg og notsteng	9
Fiske etter laksefisk	9
Hummarfiske	10
Fiske med ruser	13
Forbod mot ålefiske	13
Minstemål	14
Kystseljakt	16
Registrering av båtar	17
Kvar kan du fortøye og gå i land?	17
Sjøfuglreservat	17
Skipsvrak og andre kulturminne i sjøen	18
Ta vare på skjergarden	19
Sikkerheit	20
Beredskap og overvaking av kystsona	21
Sjøteneste Sør «Munin»	22
Kystvakta	24
Fiskeridirektoratet	24
Nyttig kontaktinformasjon	26



INNLEIING

Noregs historie og utvikling er i stor grad tufta på tradisjonar knytte til bruken av dei rike ressursane vi finn i kystsona.

Den seinare tid er kystsona i stadig aukande grad blitt ein arena for avkopling, ferie og fritid. Dette er ei utvikling som vil halde fram. Difor er det viktig å syte for at vår lange kyst med fjordar og tusentals øyar, holmar og skjer, har plass til oss alle i uoverkodeleg framtid.

Noreg har lovfesta den unike allemannsretten som gjev oss alle lov til å ferdast mellom anna i kystsona. Men med rettar fylgjer også plikter. Ei rekkje lover og reglar er innførde for å ta vare på kysten. Hugs at du som brukar pliktar å setje deg inn i gjeldande regelverk for forvaltning av ressursane i kystsona. Fleire opplysingar finn du på fiskeridir.no.

NYE REGLAR OM FRITIDSFISKE I HAVRESSURSLOVA

1. januar 2009 vart den gamle saltvassfiskelova avløyst av den nye havressurslova. Den nye lova inneber nokre endringar i reglane for fritidsfiske.

REISKAPSAVGRENSINGAR FOR FARTØY SOM IKKJE ER MERKEREISTRERTE

Dei generelle reglane om reiskapsavgrensingar i fritidsfiske er ført vidare, men med nokre viktige justeringar. Det er framleis slik at det i utgangspunktet kan nyttast fylgjande reiskap:

- a) handsnøre, fiskestong og liknande handreiskap
- b) ei maskindriven juksa eller dorg
- c) garn med samla lengde på inntil 210 meter
- d) liner med inntil 300 onglar
- e) inntil 20 teiner eller ruser

Det gjeld eigne reglar for bruk av hummarteiner og ruser. Sjå sidene 10 til og med 13 for meir informasjon.

Etter saltvassfiskelova var desse reiskapsavgrensingane gjeldande for personar som ikkje var ført i fiskarmanntalet. Etter den nye lova gjeld dei for alt fiske som går føre seg frå land eller frå fartøy som ikkje er registrerte i merkeregisteret, uansett om fiskaren står i fiskarmanntalet eller ikkje.

Det kan ikkje nyttast fleire reiskapar enn dei som er nemnde frå eitt enkelt fartøy, uavhengig av kor mange som fiskar frå fartøyet. Reiskapsavgrensingane gjeld også når same person eller dei same personane fiskar frå fleire fartøy.



I fiske etter makrell kan ein ikkje bruke meir enn éin maskindreven dorg med maksimalt 10 onglar per fartøy.

For utanlandske turistar, eller andre personar som ikkje er norske statsborgarar eller likestilte med norske statsborgarar, gjeld som tidlegare regelen om at fiske i sjøen berre kan gå føre seg med handreiskap. Fangsten kan ikkje omsetjast.

Det er forbode for fritidsfiskarar å fiske rognkjeks i Nordland, Troms og Finnmark.

Det er også avgrensinga høve til å fiske kongekrabbe aust for 26 °A (om lag ved Nordkapp).

Elles kan det gjelde særskilde avgrensingar i lokale reguleringar langs kysten, slik som under sesongfiskeria etter torsk i Lofoten og i Møre og Romsdal.

SAL AV EIGENFISKA FANGST

Dei nye reglane skapar eit klårare skilje mellom fritidsfiske og yrkesfiske. No er det fastsett ei grense for omsetnad for fangst som er teken frå land eller med fartøy som ikkje er registrert i Fiskeridirektoratet sitt merkeregister over fiskefartøy.

No kan ein person eller eit føretak ikkje omsetje fangst for meir enn 50 000 kroner per kalenderår. Dette er den same grensa som utløyser registreringsplikt etter meirverdiavgiftslova for næringsdrivande ved omsetnad av varer og tenester.

Dersom fleire personar eller føretak fiskar med same fartøy, kan det til saman ikkje omsetjast for meir enn 50 000 kroner av fangst teken med dette fartøyet per kalenderår. Grensa gjeld altså både per person/føretak og per fartøy.

Regelen om at ikkje-manntalsførte personar maksimalt kan lande 2000 kilogram torsk (rund vekt) per kalenderår for omsetnad gjeld som før.

OMSETNAD SKAL SKJE GJENNOM GODKJEND KJØPAR

Som fritidsfiskar kan du altså omsetje fangsten din, men omsetnaden må alltid skje gjennom eit fiskesalslag eller godkjend kjøpar. Fiskeridirektoratet har register over kven som er registrerte som godkjende kjøparar av fisk gjennom salslagsordninga.

Dersom fiskeristyresmaktene har fastsett fiskestopp for yrkesfiskarar, kan heller ikkje du som fritidsfiskar fiske for omsetnad. Dette betyr at du må avgrense fisket til eige hushald.

UTFØRSELSKVOTE

Som fritidsfisker eller turistfisker kan du ta med deg 15 kilogram fisk eller fiskevarer, inkludert behandla/foredla produkt som fiskefilet og liknande, per person ut av landet. I tillegg kan du ta med deg éin heil troféfisk.

Ferskvassfisk, laks, aure og røye er ikkje omfatta av utførselskvota. Vidare er fisk som turistar kjøper direkte frå fiskefartøy, og som er registrerte i Fiskeridirektoratet sitt fartøyregister, unnateke utførselsavgrensinga på 15 kilogram.

ANSVAR FOR ANDRE SINE REISKAPAR

I periodar av året er fiskeriaktiviteten langs kysten større enn elles. Dette gjeld både fritidsfiske og yrkesfiske. Dersom du kjem til eit område der reiskap er sett ut, pliktar du å gjere deg kjent med kvar reiskapen står.

Du må ikkje manøvrere eller plassere båten din slik at du skadar reiskap, eller slik at moglegheitene for fangst vert hemma.

Alle som skadar andre sin reiskap som er sett i sjøen for fangst, må erstatte skaden. Dette gjeld også tap av fangst og tap som fylgje av avbrot i fisket.

Det er forbode å la reiskap, fortøyingar og andre gjenstandar som kan skade marint liv eller hemme fiske og fangst, stå i sjøen eller på sjøbotn utan grunn.

MERKING AV FISKEREISKAP

Fiskereiskap som står i sjøen, skal vere tydeleg merkt med namn og adresse. Merket skal finnast på minst éi av blåsene eller bøyene som høyrer til reiskapen. På utstyr som ikkje har blåse eller bøye, skal du merke sjølve reiskapen. Yrkesfiskarar må merke reiskapen med båten sitt registreringsnummer.

Det gjeld særskilde reglar for området utanfor fire nautiske mil av kystlina. I Finnmark gjeld desse reglane også innanfor fire nautiske mil.

Alle bundne, fastståande reiskapar som vert brukte til fangst av laksefisk skal vere merkte med eit nummer som du får tildelt av fylkesmannen i fylket der du fiskar.

FERDSLE VED OPPDRETTSANLEGG OG NOTSTENG

Vis omsyn til andre som ferdast i kystsona og til næringsutøvarar som driv si verksemd der.

Det er forbode å fiske nærare enn 100 meter, eller ferdast nærare enn 20 meter frå oppdrettsanlegg og notsteng.

Køyr forsiktig når du passerer oppdrettsanlegg og notsteng.

FISKE ETTER LAKSEFISK

Du treng ikkje betale avgift for å fiske etter laks, sjøaure og sjørøye i sjøen. Som fritidsfiskar kan du fiske i sjøen etter laksefisk med stong og handsnøre heile året. Du kan ikkje bruke meir enn to snøre eller stenger per båt.

Du kan heller ikkje fiske med fastståande reiskap som kilenot, lakseverp eller krokarn. Det er det berre grunneigar som har lov til.

Du må vurdere risikoen for å få laksefisk når du set garn etter saltvassfisk. Garn med maskevidde større enn 32 millimeter skal du i perioden frå 1. mars til og med 30. september senke, slik at heile fangstdelen står minst tre meter under havoverflata. Dersom du likevel får laksefisk i garnet, må du setje fisken ut att i sjøen.

Opplysingar om fisketider for dei ulike reiskapstypene i sjøen og fisketider i dei enkelte vassdraga, får du ved å vende deg til Fylkesmannen si miljøvernavdeling i det aktuelle fylket, eller til Direktoratet for naturforvaltning.



HUMMARFISKE

Hummaren – «sjøens kardinal» – er eit kjent og kjærnt innslag i vår kystfauna, og den har sterk symbolverdi for mange. Dessverre er bestanden av hummar langs norskekysten i dag redusert til eit historisk lågmål, trass i strenge reguleringar gjennom dei seinare åra.

Dei siste åra er det innført stadig nye reglar for fiske etter hummar, med det føremål å byggje opp att ein berekraftig bestand av arten. I korte trekk gjeld fylgjande reglar for hummarfiske:



- På kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Sogn og Fjordane fylke er det tillate å fange hummar i perioden frå 1. oktober klokka 08.00 til om med 30. november. For resten av landet er fisketida frå 1. oktober klokka 08.00 til og med 31. desember.
- Hummar er berre tillate å fiske med hummartainer. Hummar som er teke med anna reiskap skal setjast tilbake i sjøen.
- Hummar med utvendig rogn er freda heile året.
- Felles minstemål for hummar i heile landet er 25 centimeter.

- Yrkesfiskarar kan fiske med 100 hummarteiner per fartøy, medan fritidsfiskarar har ei avgrensing på 10 hummarteiner per fartøy.
- I teiner som er sett ut for fangst av hummar, skal det vere minst éi sirkelforma fluktopning på kvar side av teina. Opningane skal vere minst 60 millimeter i diameter.
- I teiner som er sett ut for fangst av krabbe på kyststrekninga frå grensa mot Sverige til og med Tysfjord kommune i Nordland fylke, skal det vere minst éi sirkelforma fluktopning på kvar side av reiskapen. Opningane skal vere minst 80 millimeter i diameter.
- Fluktopninga skal vere plassert helt nede ved reiskapsbotnen, men ikkje lenger nede enn at det vert fri passasje gjennom opningane når reiskapen står ute for fangst.
- I perioden frå 1. oktober til og med 31. desember er det forbode å setje eller trekkje teiner på kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Vest-Agder fylke frå og med laurdag klokka 24.00 til og med søndag klokka 24.00.
- I hummarfredingstida er det for fritidsfiskarar sett ei djupnegrense på minimum 25 meter for setjing av krabbe-teiner frå svenskegrensa til Varnes fyr på Lista. For resten av kyststrekninga er det ikkje sett minimumsdjupn for setjing av krabbeteiner.
- Det er ikkje lov å setje eller trekkje teiner for å fange hummar på kysten frå svenskegrensa til og med Vest-Agder frå éin time etter solnedgang til éin time før soloppgang.
- I fredingstida er det forbode å oppbevare hummar i sjøen. På kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Sogn og Fjordane kan du likevel oppbevare hummar i sjøen fram til og med 31. desember.

- Hummar som ved inngangen til fredingsperioden er innmeldt og registret av salslaga for omsetnad kan oppbevarast i sjøen inntil slik omsetnad kan skje.

FISKE MED RUSER

For å verne hummaren er det innført reiskapsavgrensingar på fiske med ruser på strekninga frå svenskegrensa til og med Møre og Romsdal fylke.

1. januar til og med 30. april kan du fiske med inntil 20 teiner eller ruser. Dersom du fiskar med både ruser og teiner, kan du ikkje nytte meir enn 20 ruser og teiner til saman.

1. mai til og med 30. september er det forbode å fiske med ruser.

1. oktober til 31. desember kan du fiske med inntil 10 ruser. Dersom du også fiskar med hummarteiner kan du ikkje nytte meir enn 10 ruser og hummarteiner til saman.

På strekninga frå Trøndelag fylke til grensa mot Russland kan du fiske med inntil 20 teiner eller ruser heile året.

For fleire detaljar om fiske med ruser, besøk www.fiskeridir.no/fritidsfiske/ruser

FORBOD MOT ÅLEFISKE

Det er innført eit totalforbod mot fiske av ål både i sjøen og i norske vassdrag.

MINSTEMÅL

Frå 1. januar er det innført obligatorisk minstemål i fritids- og turistfiske. Det betyr at dersom du får ein fisk som er under minstemål, skal du løyse den varsamt frå fiskereiskapen og sleppe den ut att i sjøen. Dersom fisken er daud eller ikkje levedyktig kan du ta den med deg heim og ete den.

Minstemål for nokon viktige artar*

ART	OMRÅDE	MINSTEMÅL
Kveite	Heile landet	80 centimeter
Breiflabb i garnfiske	Heile landet	60 centimeter
Torsk	Nord for 64 °N	47 centimeter
	Sør for 64 °N	40 centimeter
Hyse	Nord for 64 °N	44 centimeter
	Sør for 64 °N	31 centimeter
Hummar	Heile landet	25 centimeter
Krabbe	Svenskegrensa til og med Rogaland	11 centimeter
	Nord for Rogaland	13 centimeter

* Fisken si lengde skal målast frå snutespissen til enden av halesporen sine ytste strålar. Hummar skal målast frå spissen av pannehornet til bakre kant av midtre symjelapp. For krabbe gjeld største breidde på skalet.

Minstemål gjeld ikkje fiske med handsnøre i samband med arrangement i regi av fiskarforeiningar og der barn og unge er målgruppe.

**DEN FULLSTENDIGE MINSTEMÅLSTABELLEN FINN DU PÅ
WWW.FISKERIDIR.NO**



KYSTSELJAKT

Fiskeridirektoratet fastset årlege kvotar for dei ulike selartane. I det sørlege Noreg vert det jakta mest på artane steinkobbe og havert. Lenger nord i landet vert det også jakta på ringsel og grønlandssel.

FOR 2010 GJELD FYLGJANDE JAKTTIDER:

- Havert – sør for Stad: 1. februar–30. september.
- Havert – nord for Stad: 2. januar–15. september.
- Steinkobbe – langs heile kysten:
2. januar–30. april og 1. august–30. september.
- Ringsel og grønlandssel – langs heile kysten:
2. januar–30. september.

Det er fylkeskommunen i det området jakta skal gå føre seg som gjev løyve til å delta i jakt på kystsel. Søknadsskjema og ytterlegare informasjon kan du få ved å vende deg til den aktuelle fylkeskommunen.

Jakt på kystsel vert rekna som ei krevjande jaktform, og for å delta i jakta vert det stilt krav om at du har avlagt skyteprøve for storviltjegerar.

KOMPENSASJONSORDNING

Det er innført ei kompensasjonsordning for jegerar som har løyve til å jakte på kystsel. Kompensasjonen vert utbetalt ved innlevering av kjevar/prøver frå havert.

Kompensasjon: 700 kroner (heile landet)

REGISTRERING AV BÅTAR

Fritids- og småbåtar som er mindre enn 15 meter bør registrerast i Småbåtregisteret. Båtar som vert brukte til yrkesfiske skal førast inn i Fiskeridirektoratet sitt merkeregister for fiskefartøy.

KVAR KAN DU FORTØYE OG GÅ I LAND?

Normalt kan du bruke fortøyingsboltar og –ringar også utanom offentlege friluftsområde i kortare tid når desse ikkje er i bruk av grunneigar. Du har elles lov til å ferdast fritt i båt, til å fortøye og gå i land i utmark langs kysten.

Dersom du er i tvil om ei strandstrekning er å sjå på som utmark, kan du ta kontakt med grunneigar eller brukar og spørje om dei har noko i mot at du fortøyer og går i land. Du kan ikkje slå opp telt nærare enn 150 meter frå hus eller hytte utan løyve frå grunneigar.

I skjergardsparkar og på offentlege friområde er det ikkje lov å fortøye båten slik at du hindrar ferdslø i sund og vikar, eller bruken av merka badeplassar.

SJØFUGLRESERVAT

Det er oppretta ei rekkje sjøfuglreservat og fredingsområde langs kysten. Desse er merkte med skilt. Føremålet er først og fremst å sikre sjøfuglane ro i hekketida.

I hekketida er det forbode å ferdast på land i sjøfuglreservata. Det er også i mange tilfelle forbod mot å ferdast i eit område i sjøen i ein avstand av 50 meter frå land. Tidsrommet for forbodet mot ferdslø kan variere mellom ulike område.



Opplysingar om forbod mot ferdsla og andre reglar for ferdsla og friluftsliv som gjeld for sjøfuglreservata kan du få ved å vende deg til kommunen, fylkesmannen eller Direktoratet for naturforvaltning.

SKIPSVRAK OG ANDRE KULTURMINNE I SJØEN

Det er viktig at kulturhistoriske verdiar ikkje går tapt. Meld difor frå dersom du gjer funn – slik kan du bidra til at historia vår vert rikare.

Båtar som er meir enn 100 år, skipsskrog, last og anna som har vore om bord er staten sin eigedom. Lov om kulturminne slår fast at ingen har lov til å grave fram, flytte, ta opp eller på annan måte gjere noko som kan skade slike gjenstandar.

**DERSOM DU FINN SLIKE KULTURMINNE ER DET DI PLIKT Å
MELDE FRÅ TIL NÆRASTE POLITISTYRESMAKT ELLER TIL EITT
AV DESSE MUSEA:**

Norsk sjøfartsmuseum i Oslo

Stavanger sjøfartsmuseum

Bergen sjøfartsmuseum

Vitenskapsmuseet i Trondheim

Tromsø museum ved Universitetet i Tromsø

Staten kan fastsetje ei passende finnarløn. Nærare opplysingar om kulturminne i sjøen kan du få ved dei nemnde musea.

TA VARE PÅ SKJERGARDEN

Det er viktig at vi forlét naturen slik vi ynskjer å finne den. Lat ikkje avfall verte liggjande att i skjergarden, men ta det med heim og syt føre at det vert teke hand om på forsvarleg vis.

- Kast ikkje oljehaldig avfall og emballasje, verken på sjø eller land. Spillolje skal leverast på mottaksanlegg eller i marinaer.
- Plantelivet i skjergarden er sårbart. Bryt difor ikkje av kvistar og tre. Ta heller ikkje opp plantar med rota. Dersom du gjer det veks dei kanskje aldri fram att.
- Hundar skal haldast under kontroll når du går i land frå båt.
- I hekketida er det forbode å forstyrre og plukke egg frå reir.
- Unngå bråk der kystselen har fast tilhaldsstad.
- Hugs at i sommarhalvåret er det mange stader forbode å tenne eld.
- Ikkje trakk på dyrka mark og eng, og unngå å ferdast i skogplantefelt på bar mark.
- Følg reglar om avgrensing av fart i sund og tronge farvatn.



SIKKERHEIT

- Bruk alltid redningsvest.
- Ikkje stå i båten, og plasser deg slik at båten er godt balansert.
- Ver ikkje fleire i båten enn den er godkjend for.
- Hald deg ved båten dersom du dett i sjøen.
- Dersom du skal berge ein som har dotte over bord, ta vedkomande opp bak i båten.
- Ring 113 dersom det skjer ei ulukke.

BEREDSKAP OG OVERVAKING AV KYSTSONA

Norskekysten utgjør eit unikt, men sårbart naturområde. Ei rekkje offentlege etatar og institusjonar har difor rutinar for beredskap og overvaking i kystsona.

Med sju regionkontor og 22 lokalkontor frå Vadsø i nordaust til Fredrikstad i søraust, er Fiskeridirektoratet godt rusta til å fange opp krisesituasjonar langs heile kysten. Difor kan vi gje vårt bidrag til handtering av kriser der det måtte vere naudsynt.

Fiskeridirektoratet er ansvarleg styresmakt for fylgjande krisehandtering:

- Skadelege algar og maneter.
- Ilanddrivne sjøpattedyr (i samarbeid med Mattilsynet og Kystverket).

Utover dette deltek vi innan fylgjande beredskapsområde:

- Akutt forureining (grunnstøytingar, oljeutslepp, kjemikalieutslepp med meir). Ansvarleg styresmakt er Kystverket.
- Atomulukker/radioaktivitet. Ansvarleg styresmakt er Statens strålevern.

Du kan lese meir om Fiskeridirektoratet sitt beredskapsansvar og andre etatar sitt arbeid for å verne om miljøet og ressursane i kystsona ved å gå til «Beredskapsportalen» på fiskeridir.no.



SJØTENESTE SØR «MUNIN»

Fiskeridirektoratet har eit eige hurtiggåande kystoppsynsfartøy som heiter «Munin». «Munin» kontrollerar fiskereiskap, utøving av ulike sesongfiskeri og driv oppsyn og kontroll innanfor



akvakulturnæringa. Fartøyet opererer frå svenskegrensa til og med Nord-Trøndelag. «Munin» driv elles aktivt informasjonsarbeid og distribuerar mellom anna brosjyren «Kysten er din» langs kysten.

STATENS NATUROPPSYN

Statens naturoppsyn utfører overvaking i kystsona. Kontaktinformasjon for ulike distrikt og båtar får du ved å vende deg til Statens naturoppsyn.

KYSTVAKTA

Kystvakta sine fartøy patruljerer langs kysten heile året. Kystvakta er der for å hjelpe personar som er i naud, eller fartøy som treng assistanse. Kontroll med fiske langs kysten og til havs er ei høgt prioritert oppgåve for Kystvakta.

FISKERIDIREKTORATET

Fiskeridirektoratet fører kontroll med ei rekkje lover og reglar i kystsona. Er du i tvil om noko, eller har noko særskilt å rapportere, kan du kontakte hovudkontoret i Bergen, eller eit av våre region- eller fiskerikontor.

FISKERIDIREKTORATET

Telefon: 03495
Strandgaten 229
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen
www.fiskeridir.no

Sjøtjeneste Sør «Munin»

Telefon: 916 15 504
Telefaks: 940 50 345
E-post: fismu@online.no



Nyttig kontaktinformasjon

FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET

www.regjeringen.no/nb/dep/fkd.html

Tlf: 22 24 90 90

KYSTVERKET

www.kystverket.no

Tlf: 07847

Vakttelefon: 33 03 48 00

KYSTVAKTSKVADRON SØR

www.mil.no/sjo/kv/start/avd

Tlf: 55 50 22 60

KYSTVAKTSKVADRON NORD

www.mil.no/sjo/kv/start/avd

Tlf: 76 11 20 00

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

www.imr.no

Tlf: 55 23 85 00

**NASJONALT INSTITUTT FOR
ERNÆRINGS OG SJØMATFORSKNING (NIFES)**

www.nifes.no

Tlf: 55 90 51 00

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING

www.dirnat.no

Tlf: 73 58 05 00

STATENS NATUROPPSYN

www.dirnat.no

Tlf: 73 58 05 00

SJØFARTSDIREKTORATET

www.sjofartsdir.no/no

Tlf: 52 74 50 00

MATTILSYNET

www.mattilsynet.no

Tlf: 06040

KLIMA- OG FORUREININGSDIREKTORATET

www.klif.no

Tlf: 22 57 34 00

NORGES FRITIDS OG SMÅFISKERFORBUND Tlf: 975 95 098
www.nfsf.no

NORSK INSTITUTT FOR VANNFORSKNING (NIVA) Tlf: 02348
www.niva.no

NORGES VETERINÆRHØGSKOLE Tlf: 23 21 60 00
www.veths.no

STATENS STRÅLEVERN (Døgnbemanna telefonvakt) Tlf: 67 16 25 00
www.nrpa.no

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND (NJFF) Tlf: 66 79 22 00
www.njff.no

SMÅBÅTREGISTERET V/REDNINGSSSELKAPET Tlf: 81 54 40 55
www.nssr.no/sbr/

NORSK MARITIMT MUSEUM Tlf: 24 11 41 50
www.norsk-sjofartsmuseum.no

BERGEN SJØFARTSMUSEUM Tlf: 55 54 96 00
www.bsj.uib.no

VITENSKAPSMUSEET I TRONDHEIM Tlf: 73 59 21 45
www.ntnu.no/vitenskapsmuseet

TROMSØ MUSEUM - UNIVERSITETSMUSEET Tlf: 77 64 40 00
www2.uit.no/ikbViewer/page/tmu?p_lang=2

BESTILL «KYSTEN ER DIN»

Du kan bestille «Kysten er din» og få den gratis tilsendt frå Fiskeridirektoratet.

Du kan sende ein e-post eller ringje oss.

E-post: info@fiskeridir.no

Tlf: 03495

Brosjyren er også tilgjengeleg på www.fiskeridir.no

Livet i havet – vårt felles ansvar



FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen

Telefon: 03495, faks: 55 23 80 90

Besøksadresse: Strandgaten 229 Bergen

E-post: postmottak@fiskeridir.no

www.fiskeridir.no



FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET

Postboks 8118 - Dep, 0032 Oslo

Telefon: 22 24 90 90, faks: 22 24 95 85

E-post: postmottak@fkf.dep.no

www.fid.dep.no

